



Kultur- og likestillingsdepartementet

Rettleiing

Skateboardanlegg

Planlegging, bygging og drift





Oslo skatehall.

Skater: Selma Mandi Pettersen

Foto: Ingrid Dos Santos

Innhold

Forord	4	Brettforbundets kategori og kvalitetsstandard for skateanlegg.	27
Innleiing	7	Innandørs anlegg – heilårstilbod	28
Korleis bruke rettleiinga?	8	Utandørsanlegg	29
Om skateboardkulturen	8	Materialval for overflata	29
Kva kjenneteiknar skateboardmiljøet?	8	Betongdekke	29
Korleis driv ein med aktiviteten?	8	Asfaltdekke	30
Sentrale verdiar	9	Materialval element	30
Skateboard i skolen og bybiletet	10	Prefabrikkerte element i betong	30
Aktiv skolegard	10	Poolcoping	30
Skating i bybiletet	10	No-ping	31
Definisjon av skateanlegg	11	Stål	31
Street	11	Granitt	31
Ramp	12	Element i treverk	32
Skateanlegg unike for staden	13	Ramper i treverk	32
Del 1: Korleis komme i gang?	14	Utføring	32
Planleggingsfase	16	Norsk Standard	37
Kartlegging og behovsplan	17	Ferdigsynfaring av skateanlegg	37
Plass i kommunal plan	17	Del 3: Drift av skateboardanlegg	38
Plankomit�	17	Dagleg drift	40
Brukarinvolvering	18	Fleirbruk og regulering – tryggleiken i skateanlegget	40
Inne eller ute?	18	Skateboard og sparkesykkel – utfordringar for tryggleiken	41
Anleggsplan	18	Forslag til l�ysingar p� fleirbruksproblematikk	42
Byggjefase	19	FDV – forvaltning, drift og vedlikehald	44
Byggjekomit�	19	Eitt�rssynfaring av skateanlegg	44
Byggjesak og anskaffingsreglement	20	Rehabilitering av betongflate	44
�konomi og finansiering	20	HMS	44
Spelemidels�knad	20	Rapportering	45
Tidsomfang under bygginga	21	Referansar	46
Del 2: Konsept og krav til skateanlegg	22	Vedlegg	47
Design, utf�ring, kvalitet	24	Vedlegg 1 – Ordliste	47
Design	24	Vedlegg 2 – Statusrapport	48
Planlegging med tanke p� st�y	25	Vedlegg 3 – Sjekkliste ferdigsynfaring	49
Belysning	25	Vedlegg 4 – Oslo r�dhus-avtalen	50
Tilleggs-element	25		
Storleiken p� skateflata	26		
Krav til storleikar for konkurransar	26		

Forord

Skateboard har blitt ein godt etablert aktivitet i Noreg. Miljøet har sidan tusenårsskiftet utvikla seg frå ein subkultur til å vere ein kultur som tilhøyrer alle. Barn, ungdom og vaksne vel i dag like gjerne skateboard som annan aktivitet, og i 2020 blei skating OL-grein. I Noreg er skateboard forankra i Brettforbundet med klubbar, landslag og kongepokal, men aktiviteten der og på grasrota er ofte prega av å vere eigenorganisert. Sidan 2010 har fleire kommunar investert i skateanlegg. Store anlegg i slitesterkt materiale med god belysning finst i fleire fylke. Hallar blir reiste med det formålet å tilby heilårsaktivitet på rullebrett.

Denne rettleiinga er skriven av Brettforbundet i samarbeid med Kultur- og likestillingsdepartementet. Brettforbundet er særforbund i NIF for rullebrett, snøbrett og bølgesurf i Noreg. Brettforbundet har tett kontakt med klubbar og skatarar. Brettforbundet gjev råd, skaper samarbeid, held kurs, arrangerer NM, organiserer landslaget og er høyringsinstans for alt som gjeld brettssport i Noreg. Brettforbundet jobbar for å skape betre vilkår for alle som vil stå brett.

Hensikta med denne rettleiinga er å sikre godt bygde anlegg med mange brukarar og eit sunt miljø.

Gjennom rettleiinga ønskjer ein å få prosessen omkring utviklinga av anlegg over i ei god retning og å gje grunnleggjande informasjon om kva typar anlegg som finst, og korleis eit anlegg kan bli vellykka.

Eit skateanlegg er eit fantastisk idrettstilbod, og både Brettforbundet og Kultur og likestillingsdepartementet håper at denne rettleiinga skal bidra til at det blir bygd fleire gode anlegg over heile landet.

Lykke til med planlegginga og realiseringa av nye skateanlegg!

Lars Audun Granly
ekspedisjonssjef
Kultur- og likestillingsdepartementet

Kjetil Andreas Ostling
president
Brettforbundet

Joakim Wang
prosjektleder
Brettforbundet



Sandefjord skateanlegg.

Skater: Christian Hoel. Foto: Martin Stuve Strøm





Innleiing

Torshovdalen i Oslo.
Skater: Audun Mehl. Foto: Alex Holm

Korleis bruke rettleiinga?

Del 1 handlar om behov, konsept og planlegging. Dette kapittelet vil skissere dei første prosessane i eit anleggsprosjekt og korleis ein skal komme i gang.

Del 2 inneheld aktuelle krav og råd for byggjeprosessen. Her presenterer rettleiinga skateanlegga og dei grunnleggjande behova dei ulike aktivitetane har.

Del 3 handlar om forvaltning, drift og vedlikehald av eit ferdig anlegg. Her presenterer rettleiinga råd og retningslinjer for korleis anlegget bør driftast etter ferdigstilling.

I denne publikasjonen blir det tidvis vist til andre rettleiingar som er gjevne ut av Kultur- og likestillingsdepartementet. Desse kan lastast ned frå www.idrettsanlegg.no, og offentlege institusjonar kan bestille eksemplar frå www.publikasjoner.dep.no

Om skateboardkulturen

Skating i Noreg er framleis å rekne som ein ung kultur. Dette kapittelet gjev innsikt i sjølve skatekulturen. Du kan lese om korleis skatekulturen skil seg ut frå meir tradisjonelle idrettar, især når det gjeld historikken, den daglege organiseringa av «trening» og måla dei fleste skatarane set seg for aktiviteten.

Kva kjenneteiknar skateboardmiljøet?

Skateboarding er i all hovudsak ein eigenorganisert idrett. Skatarane har sjelden behov for ein trenar, fast treningstid eller eit treningsprogram å følgje. Skating kan sjåast på som ein fri bevegelsesaktivitet, der skataren sjølv set mål og bestemmer når og kor lenge aktiviteten varer. Dei aller fleste skatarar er opptekne av å gjere triks med brettet.

Trass i at skatinga er ein individuell aktivitet, skatar ein sjeldan aleine. Hovudårsaka til at skatarar rullar saman, er at det påverkar prestasjonane. At andre meistrar noko, eller forsøka deira på å meistre noko,

inspirerer til eiga gjennomføring, auka kreativitet og det å få til noko. Ei gruppe skatarar motiverer kvarandre, er støtteapparat for kvarandre og tek vare på kvarandre. Ein fellesskap av individualistar er eit beskrivande uttrykk for skateboardmiljøet. Skateboarding er ein aktivitet som verdset individuell stil.

Det sosiale aspektet er like viktig som i meir tradisjonelle idrettar. Det sosiale limet i miljøet kviler på felles interesser og respekt for uttrykket og prestasjonane til andre. Det er ofte eit sterkt samhald mellom skatarar, både lokalt og internasjonalt. Når ein skatar er på reise i utlandet, blir ein lett inkludert av lokale skatarar. Det er heller ikkje uvanleg at ein bur hos kvarandre. Ein er ein del av ein internasjonal bror- og søsterskap. Skateboardinteressa er ein dørøpnar.

Skateboard har i mange land ei historie der dei har blitt sett på som ein subkultur. Særleg i Noreg, der aktiviteten var totalforboden frå 1978 til 1989, har miljøet måtta kjempe seg til den same anerkjenninga og statusen som annan idrett og rørslekunst. Dette har endra seg, og skateboard er i dag ein sosialt akseptert og meir populær aktivitet enn nokosinne. Det er etter kvart blitt eit sterkt indre samhald, stammespråk og eit sett med grunnverdiar som blir delte av mange.

Korleis driv ein med aktiviteten?

Ein skatar vil ofte avtale med vennene sine å møtast ein bestemt stad til ei bestemt tid. Staden blir kalla ein **spot**. Ein *spot* kan vere ein stad i bybiletet, det kan vere den lokale skatebutikken, eller eit skateanlegg. Har ein ikkje nokon å skate med ein dag, er skateanlegget den sikraste staden å dra dersom ein vil møte folk. Så skatar ein saman, noko som blir kalla ein **session**. Venner og ukjende kan delta, skatarane kan bli med og gje seg når dei vil. Ein *session* kan vere roleg eller hektisk, avhengig av kven som er til stades, kor gode dei er, og kor godt dei som skatar, kjenner



1



2



3

1 og 2 Fra forbud til kongepokal. Helt utenkelig i 1989. 3 Skatere på arbejde i Norges gater – som utøver og filmskaper. Filmer: Martin Stuve Strøm. Skater: Øyvind Svensen. Foto: Alex Holm.».

kvarandre. Ein session kan vare frå ein halvtime til mange timar med pausar, sosialt samvære, ein matbete og generell hyggje.

Sett utanfrå kan det verke som om ein *session* er utan reglar og avgrensingar, men det stemmer ikkje. Det finst reglar som blir innlærte og haldne. *For eksempel: Ein startar ikkje skate i rampen når andre skatar, ein står ikkje i vegen for den som skatar, og ein har ikkje brettet sitt på kanten når nokon skatar.*

Det finst også normativ god skikk i både *ramp* og *street*: Dersom ein annan skatar prøver eit vanskeleg

triks som ein meistarar sjølv, så gjer ein ikkje dette trikset rett framfor vedkommande for å vise at «dette kan eg». Det er dårleg kutyme. Med andre ord: Ein tek omsyn til kvarandre, støttar kvarandre og respekterer prosessen hos kvarandre. Det skjer ein heil del læring, interaksjon og utvikling av sosiale ferdigheiter med overføringsverdi til andre arenaer enn skateanlegget.

Sentrale verdier

Det er stor takhøgde i skateboardmiljøet, og rasisme har aldri vore ein del av skatekulturen. Det kan vere fordi denne kulturimpulsen kom frå ein amerikansk



subkultur der resultatet frå borgarrettskampen var ein naturleg del. Det kan også komme av at ein i miljøet er meir oppteken av ferdigheiter og stil på brett enn av etnisitet og sosiokulturell bakgrunn.

Når det gjeld kvinneandelen, er kulturen i dag i ei positiv utvikling etter mange år med mannsdominans. Jenter har alltid skata, men det var betydeleg færre jenter som skata for få år sidan. Den positive utviklinga og rekrutteringa av jentene skriv seg både frå den aktive satsinga på jenter i sjølve skatemiljøet, med eigne *girlskate sessions*, og frå eit kulturelt skifte som ein del av tidsånda. Fleire jenter enn før ser at dei kan skate dersom dei vil, og gjer det i større grad enn tidlegare.

Når det gjel inkludering og openheit rundt kjønns- og seksualitetsmangfold, er også skateboardmiljøet inne i ei positiv, open og inkluderande utvikling. Det finst profesjonelle skatarar som er opne homofile, lesbiske og transpersonar. Fordommar mot LHBT+ er minkande i skatemiljøet.

Skateboard i skolen og bybiletet

Aktiv skolegard

I skolegardar som blir bygde eller oppgraderte, er det mogleg å ha element ein kan skate på. Nokre kommunar har valt å byggje skateanlegg i enkelte skolegardar eller ved tilstøytande areal. Ved andre skolar kan ein ha valt mindre definert formgjeving der for eksempel benker, høgdeforskjellar og skråplan er i ein design og kvalitet som eignar seg for rullebrett. Skatebar arkitektur kan ha ein naturleg plass i skolegarden og med det føre til auka eigenorganisert aktivitet. Ein skole og utearealet til denne burde invitere til aktivitet både i skoletida og på fritida.

Skating i bybiletet

Skateboard har alltid henta inspirasjon frå omgjevnadene sine, og skatinga har utvikla seg i takt med den urbane utviklinga. Skateboarding begynte i gatene. Å rulle på asfalt eller betong, på eit fortau, i ein skolegard, ein park eller ned ein bakke er opphavet til skateboardinga. Det er den enkle gleden til skatarane å røre seg fritt omkring i det urbane landskapet.



- ❶ Del av skolegården på Nordpolen skole i Oslo er forma så han inviterer til aktivitet for blant anna skatarar. Skater: Geir Myrvang. Foto: Alex Holm
- ❷ Skatarar liker å hoppe ut små og store trapper. Med god design kan området til ein skole vere ein aktivitetsplass. Marienlyst i Oslo. Skater: Gard Jenssen Hvaara. Foto: Alex Holm
- ❸ Svelvik kommune har oppført skateanlegg for elevar og innbyggjarar i skolegården. Foto: Alex Holm
- ❹ Dyktige skatarar søkjer til kreativ rulling i bybiletet. Skater: Daniel Spiro. Foto: Alex Holm
- ❺ Tilbod i anlegg bør ikkje leie til forbod i bybiletet. Foto: Fritjof Krogvold

Skateboarding er også tungt forankra i byarkitekturen. Det er i urban arkitektur den mest populære greina *street* spring ut frå og skjer. *Street* fordrar kreativ fortolkning av omgjevnadene og er greina som blir sett mest pris på av dei aller fleste skatarane i dag. Dersom ein ser videoar, er desse stort sett filma i eit gatemiljø. Streetskating har dominert skateboarding sidan slutten av 1980åra. Det er derfor viktig at skatarane blir varetekne i det offentlege rommet, uansett kor mange anlegg som blir bygde.


Dersom skatarane i kommunen din, eller i området ditt, legg sin elsk på ein stad i byen, bør ein gå i dialog med dei og finne kompromiss om bruken. Eit eksempel på dette kan sjåast i vedlegg 4, Oslo rådhus-avtalen.

Definisjon av skateanlegg

Eit skateanlegg er eit anlegg med ulike element designa og bygde til bruk for skateboard. Vanlegvis er det tillate å bruke andre typar rullande sportsutstyr, slik som sparkesykkel, triksesykkel og rullerkeiser. Grovt sett kan skateanlegg kategoriserast i to hovudgreiner: **street** og **ramp**.

Street

Eit streetanlegg er den typen anlegg dei fleste skatarane føretrekkjer. *Street* er også ei av to OL-greiner. Eit streetanlegg består av element som liknar arkitekturen i gatebiletet. Dette kan vere: trapper, avsatsar, skråplan, kantstein, gelender, fortau m.m. Designen på elementa er vanlegvis forskjellig frå anlegg til anlegg. Det finst eit utal variasjonar og kombinasjonar. Mange streetanlegg har også halvramper som bidreg til betre flyt og fart.



Dei fleste elementa har namn som ein bruker uansett mål på elementet. Eksempelvis heiter eit stykke fortau ein *manualpad*. Alle skatarar «veit» at ein *manualpad* ikkje er høgare enn 20 cm, helst noko lågare. Ein *manualpad* kan vere ein meter kort, men gjerne tre meter lang. Om han er åtte meter lang, er det framleis ein *manualpad*, mens nokre da vil kalle det ei plattform.

For at elementa skal kunne skatast på, må materialvalet og overflata vere eigna. Utandørs streetanlegg blir vanlegvis bygde i betong og granitt på grunn av slitestyrke. I hallar bruker ein vanlegvis trevirke (meir om materialval i seinare i rettleiinga). Ein uskriven regel er at ein skateanleggdesignar gjer kvart enkelt anlegg unikt. Forskjellige anlegg har ofte element med same namn og funksjon, men måla på elementa varierer gjerne. Det er avgjerande at måla er innanfor nokre rammer. For eksempel har eit lågt gelender for skating, ein *flatbar*, ei minimums- og ei maksimumshøgd. Preferansane i design varierer med ønska til målgruppa og med trendane. Eit streetanlegg blir identifisert som ein stor open bane, gjerne med fleire høgdenivå. Her skatar fleire samtidig.

Ramp

Ein *ramp* er ein konstruksjon med ei flate på to til fem meter lengd i midten, som bøyer opp i kvar

ende – på folkemunne ein «U-forma bane». På toppkanten av bogen ligg eit stålrør (kalla *coping*). Attom røyret ligg ei plattform ein oppheld seg på og ventar på tur. Det finst mange variasjonar når det gjeld storleikar og utformingar av ein *ramp*. Høgda definerer primært underkategoriar. Ramper blir vanlegvis bygde i treverk ute og inne. Ute bruker ein vanlegvis eit slitesterkt komposittmateriale som køyreflate. I ein *ramp* skatar ein vanlegvis berre éin og éin, med mindre *ramp*-en har god breidd og det er mange til stades – da avtaler gjerne skatarane at «eg skatar her, så du kan skate på den delen».

Vertramp: Ein stor *ramp* mellom tre og fem meter høg frå botnflate til plattform. Ein *vertramp* har loddrett køyreflate øvst i bogen. *Vertramp* blir ofte forkorta og kalla *vert* (frå *vertikal*, som betyr «loddrett»). Ein *vertramp* bør vere minimum fire finerplater brei (488 cm) og med fordel breiare.

Miniramp: Ein *ramp* høgare enn 120 cm frå botnflate til plattform. Ein *miniramp* er utan *vert*. Han er minimum tre finerplater brei (366 cm) og med fordel breiare.

Microramp: Ein liten *ramp* lågare enn 120 cm frå botnflate til plattform. Ein *microramp* er utan *vert*. Ein *microramp* er minimum tre finerplater brei (366 cm) og med fordel breiare.



7



8



9



10



11

1 Unikkt hovudgrep i Porsgrunn – streetlinja. Foto: Fritjof Krogvold 2 Eit godt hovudgrep med element for lokal målgruppe gjev livleg skateanlegg. Stjørdal. Foto: Brettforbundet 3 Vertramp på Nesodden. Foto: Christian Raae 4 Bowl med poolcoping i Larvik. Skater: Georg Stenersen. Foto: Fritjof Krogvold 5 Innandørs anlegg blir vanlegvis bygde i treverk. Kreativ design om søyle i Drammen. Foto: Alex Holm 6 Bowlanlegget på Tasta i Stavanger. Skater: Aksel Sørum. Foto: Brettforbundet 7 Miniramp på Mailand skole i Oslo. Skater: Geir Myrvang. Foto: Alex Holm 8 Microramp på Nesodden. Foto: Christian Raae 9 Spineramp i Oslo. Foto: Alex Holm 10 Stadunikt anlegg der designen er ført saumlaust over i brukonstruksjonen. GSF, Oslo. Skater: Antoman Ask. Foto: Alex Holm 11 Ein god skateanleggsdesignar vågar å vere kreativ. Larvik. Skater: Didrik Galasso. Foto: Jon Levi Pedersen

Mini- og microramp-ar er gode for nybegynnarar og populære blant skatarar på alle nivå.

Bowl: Bowl er ein skålforma ramp, der ein kan rulle nær sagt i alle retningar. Bowl er den andre OL-greina – greina blir da kalla park. Bowl liknar eit basseng utan vatn og blir kalla både bowl og pool.

Fleire bowl-ar kopla saman blir gjerne kalla bowlpark. Ein utandørs bowl blir vanlegvis bygd i betong. Treverk blir vanlegvis nytta innandørs.


Ein ramp kan ha avvik som gjer han meir variert og utfordrande. For eksempel kan ein del av bogen til ramp-en vere forlengd med ei elevert plattform. Dette heiter extention. To ramp-ar kan møtast med bogetopp mot bogetopp i ein horisontal rygg. Dette heiter spine. Blir to ramp-ar kopla i eit utvendig hjørne, heiter det hip.

På område med fleire skateanlegg er det variasjonen som blir dyrka. Det er ingen standard for utforminga av ein ramp, men også her er det avgjerande at måla er innanfor nokre rammer.

Skateanlegg unike for staden

Eit streetanlegg kan innehalde ulike element frå street, ramp og bowl. Ein dyktig designar kan gje eit anlegg organisk design. Da får skateanlegget ei utforming ein vil identifisere som ein hybrid. Eit slikt anlegg har ikkje noko eige namn. Ein beskriv da ofte delar av anlegget som streetdelen, flowdelen eller bogedelen. For å få eit inntrykk av ulike løysingar kan det vere fruktbart å studere nokre konkrete skateanlegg og kva dei består av.

Del 1:
Korleis
komme
i gang?





Tasta, Stavanger.
Skater: Aksel Sørum. Foto: Brettforbundet

Planleggingsfase

Ein bør stille følgjande spørsmål:

- Kvifor skal det byggjast og for kven?
- Kva skal byggjast og kvar?
- Korleis utforme anlegget etter behova?
- Kva samarbeidspartnarar finst?
- Kva for økonomiske rammer er det?

Innleiingsvis handlar anleggsarbeidet om å dokumentere behovet for anlegg og kartleggje moglegheiter i form av tomter, areal og samarbeidspartnarar. Dersom ein klubb er initiativtakar, kan det vere nødvendig å utarbeide ein anleggsplan for klubben. Sentrale spørsmål klubben bør svare på, handlar om kva for behov klubben har. Det er viktig å samordne anleggsplanen med planane til idrettsrådet og å vere à jour med dei terminar som gjeld for planane og budsjettprosessane kommunen har. Dette blir gjort ved å opprette ei effektiv arbeidsgruppe som skal utarbeide ein anleggsplan. Det er viktig å hugse at planarbeidet må avklarast med klubbstyret. Det same gjeld for mandat og fullmakter.


Arbeidsgruppa bør også sjå på kva som blir planlagt av kommunale idrettsanlegg og vurdere moglegheita til å få plass til eigne skateanlegg i samband med anlegg som er under planlegging. Dette blir gjort gjennom medverknad i planarbeidet i kommunen.

Idrettskrets og kommune kjenner desse planane, prosessane og begrepa. Dei kan bistå klubben med rettleiing.

Når det gjeld offentlege midlar, her meinte som økonomisk støtte frå kommune, fylkeskommune eller stat, må både det offentlege og idrettsorgana trekkjast inn i planlegginga og tilpassinga av prosjektet. Prosjektet må prioriterast i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Her er idrettsrådet

i kommunen ein viktig medspelar i planprosessen og bør derfor inkluderast så tidleg som mogleg i prosjektet. I desse prioriteringsprosessane i kommunen og i idrettsråda er det viktig at klubben følgjer med og spelar inn behova sine.

Det er viktig med ei tydeleg rollefordeling i prosjektet. For å få ein ryddig prosess er det avgjerande med ei god organisering av formelle og juridiske roller og ei klargjering av ansvar knytt til den eller dei som byggjer anlegget. Det same gjeld for eigarskap og drift. Det er ikkje uvanleg at den som er ansvarleg for bygginga, er ein annan enn initiativtakaren, eller at eigarskapen og drifta blir organiserte i forskjellige selskapsformer. Eit eksempel er at ein klubb eller representantar frå skatemiljøet tek eit initiativ til å greie ut og beskrive behovet, men at det er kommunen som byggjer anlegget og stiller dette til rådvelde for klubben eller befolkninga elles. Denne rettleiinga omfattar ikkje forholda rundt drift og eigarforhold, men tek primært for seg etableringsprosessen.



Brettforbundet erfarer at anlegg realiserte av leverandørar og byggherre aleine, er dei som blir dårlege og med det ståande lite brukt. Avstand til skatere er uheldig. Å involvere ein dyktig skateanleggdesignar er eit ufråvikeleg suksesskriterium.

Kartlegging og behovsplan

Ein må tidleg definere grunnleggjande behov for det nye skateanlegget. Kartlegging av behov og funksjonar som ein ønskjer skal inngå i prosjektet, er eit viktig steg i startfasen. Dette legg grunnlaget for kva som skal byggjast, og for korleis det skal leggjast til rette for dei som skal bruke idrettsanlegget. Vidare vil kartlegginga liggje til grunn for dokumentasjon i samband med søknad om offentlege midlar (spelemidlar).

Eit grundig arbeid i startfasen av prosjektet har svært mykje å seie både for funksjons- og behovstilfredsstilling, kostnader og ikkje minst for seinare driftskostnader. Det kan vere fordelaktig å invitere fleire ulike aktørar inn i ein tidleg fase i prosjektet.

Det kan vere utfordrande å måle behovet for eit skateboardanlegg. Skatarar er vanlegvis med i initiativet for å få til eit skateanlegg. Finst det ikkje nokon klubb, representerer desse den mest organiserte delen. Skatarane har vanlegvis noka oversikt over eigne behov, men utan eksisterande samlingsstad eller klubb kan det vere utfordrande å kartleggje behova. At mykje av aktiviteten skjer på torg, gater, i parkar og skolegardar, kan gjere det vrient å få ei kvalitativ oversikt over talet på aktive skatarar, nivået deira og ønske. Andre brukargrupper enn skatarar er av erfaring sjeldan organiserte.

Ein skateklubb vil kjempe fram eit anlegg dimensjonert for eige miljø si bruk. Dette anlegget vil tas i bruk av sparkesyklar, triksesykel og rulleskøytar. Kommunen bør jobbe aktivt for å skaffe seg oversikt over den totale brukargruppa og be kvar enkelt gruppe om innspel som beskriv behovet. Utan dette kan anlegget bli galt dimensjonert

Plass i kommunal plan

Kommunen er sentral i idrettsanleggsprosjekt. Når ein kommunal plan for idrett og fysisk

aktivitet er vedteken av kommunestyret, er dette styringsverktøyet kommunen har for bygging og rehabilitering av offentlege og private idrettsanlegg. Planen blir utarbeidd kvart fjerde år og rullert kvart år. Idrettsrådet vil ha ei sentral rolle i denne prosessen. Under skisserer rettleiinga prosessen knytt til kommunal plan.

Kommunen skal offentleggjere oppstart og framdriftsplan for arbeidet med planen. Dei ulike tidsfristane skal kunngjerast av kommunen. Innspel til plan frå klubbar og lag i idretten, eventuelt særkrinsar, regionar og særforbund, blir ofte samla hos idrettsråd (eller idrettskrins). Klubbar, regionar og særforbund kan også ta direkte kontakt med kommunen og politikarar for å fremje forslaga sine. Idrettsrådet (eller idrettskrinsen) utarbeider deretter forslag til prioritering av kommunal plan. Dette blir gjort i samarbeid med den kommunale idrettseininga som innhentar innspel frå andre organisasjonar og foreiningar.

I idrettar som skate, som ber preg av meir eigenorganiserte miljø, er det svært viktig å spele på lag med Brettforbundet. Brettforbundet vil kunne hjelpe i arbeidet opp mot kommunen og med innspel til kommunale planar.

Plankomité

Det blir vanlegvis skilt mellom arbeidet i startfasen, som er lagt til ein plankomité, og arbeidet i byggjefasen, som er lagt til ein byggjekomité. Det vil ofte vere kommunen som har ansvaret for plankomitéen, men også idrettslag eller private kan vere ansvarlege. Ein kommunal komité må supplerast med kompetansen idretten har, og eventuelle komitéar i idretten må supplerast med kompetanse frå kommunen. Vanlegvis vil mykje av arbeidet til ein plankomité allereie vere gjennomført dersom klubben har utarbeidd ein eigen anleggsplan.

Ein plankomité kan for eksempel bestå av

- ansvarleg organisasjon/eining/person for byggjeprojektet (byggherre)
- initiativtakar
- kultur-, idretts- eller ungdomskontoret i kommunen
- andre interessegrupper
- skateanlegg designer

Eksempel på viktige oppgåver for ein plankomité:

1. Kartlegging og kommunal plan

- dokumentere behovet for idrettsanlegget
- analysere tomtespørsmålet og lokalisering
- vurdere beståande anleggsplanar og få innpassa hallprosjektet i desse eller få innpassa prosjektet i nye planar og prioriteringar

2. Utforming av idrettsanlegg

- vurdere behovet for tilskodarplassar, parkering osv.
- val av hallalternativ / konkret utforming
- utarbeide førebels romprogram – dersom innandørsanlegg (rammeprogram)

3. Finansiering og drift

- utarbeide kostnads- og finansieringsanalysar
- lage anslag av driftskostnader/inntening

4. Søknader og orientering

- skaffe skisseprosjekt og underlag slik at ein kan gjere ei vurdering av det idrettsfunksjonelle
- førehandskonferanse med kommunen og førebuing for byggjesaksbehandling
- løpande orientere kommunen, idrettsrådet og aktuelle brukarar om prosjektering og utvikling av prosjektet

5. Planlegging for toalett og andre sanitærfasilitetar

Brukarinvolvering

Brukarinvolvering i prosessar i samband med framtidige skateanlegg er viktig av fleire grunnar. Ofte representerer skatarane eigenorganiserte miljø. Enkelte gonger har ein klubb ein kan samarbeide med. Her vil Brettforbundet kunne hjelpe i koordinering/kontakt. Når ein inviterer lokale skatarar, kan det vere lurt å la invitasjonen gå via den lokale skateklubben, dersom denne finst, eller fritidsklubbar. Via desse, og ein eventuell lokal brettbutikk, kan ein nå fleire interessentar.

Ei brukarinvolvering bør ha tre fasar: ein analyse av ønska til brukarane, skisser av elementer som kan takast inn i ein parkdesign, og mål på elementa.

Deltakarane i ei brukarundersøking er ofte opptekne av forskjellige ting. Dei yngre og mindre øvde teiknar ofte element dei vil sjå proffane skate og ein dag drøymmer om å skate sjølv. Ein skatar med grunnleggjande ferdigheiter har ofte meininger om kva folk på eige nivå kan ha glede av. Dyktige skatarar teiknar ofte noko dei sjølv ønskjer seg, og forsøker samtidig å tilpasse slik at det også er noko for dei mindre øvde.

Inne eller ute?

Heilårsaktivitet bør med i planlegginga når ein kartlegg behovet. Eit utandørsanlegg vil dekkje behovet når bakken er tørr. Det vil òg rekruttere nye brukarar i sommarhalvåret, som så står utan tilbod i vinterhalvåret. Det er ein myte at skatarar spenner på seg snøbrett når snøen legg seg.

Anleggsplan

Plasseringa av anlegget er viktig for kor mykje det kjem til å bli brukt. Dersom anlegget blir planlagt i nærleiken av ein skole, vil det som oftast føre til auka aktivitet. Finst det eller blir det planlagt andre anlegg i bygda, bør tilboda sjåast i samanheng og vere forskjellige. Ein bør vere bevisst på om ein



Brukarinvolvering er nødvendig for kartlegging av behov og gjev tidleg eigarskap blant skatarane. Faksimile foto: Inge Fjelddalen TA.

planlegg eit anlegg for breidda, for yngre barn eller for dei dyktigaste skatarane.

Skateanlegg høyrer i hovudsak til under to kategoriar hos Kultur- og likestillingsdepartementet: nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Via tilskotsordninga kan ein få betydeleg støtte til å realisere anlegg. Det kan søkjast om tilskot til nærmiljøanlegg ute, ordinære anlegg inne og ute og vedlikehaldet av desse. Formåla med anlegga er beskrivne på nettsida til Kultur- og likestillingsdepartementet: www.anleggsregisteret.no Informasjon om statlege tilskotsordningar, vilkår og føresegner finst i dokumentet: «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet».

Informasjon om samanliknbare anlegg vil også kunne finnast på www.godeidrettsanlegg.no

Brettforbundet anbefaler at det er ordinære anlegg som blir realiserte. I denne anleggs kategorien kan kommune og klubb regulere aktivitet og fleirbruk. Denne moglegheita har ein ikkje i nærmiljøanlegg.

Byggjefase

Byggjekomité

Det blir etablert ein byggjekomité som etter behovsanalysen tek prosjektet vidare. Den første oppgåva til komitéen er å konkretisere prosjektet slik at ein får eit realistisk bilete av eit ferdig idrettsanlegg. Alle funksjons- og ytingskrav skal vere eintydig formulerte. Desse skal danne grunnlaget for detaljerte skisser og beskrivingar, som ligg til grunn for anbod og seinare byggjemeldingar o.l.

Det er viktig at det er ansvarlege avgjerdstakarar med, og at alle får eigarskap til prosjektet.

Eksempel på samansetjing kan vere

- byggherre
- representant frå kommunen
- representant frå idrettslag / eigenorganisert miljø / brukar
- initiativtakar
- innleigd kompetanse

Eksempel på viktige oppgåver som byggjekomiteén har ansvar for:

1. Overordna

- ta stilling til hovudprosjektet og revidert kostnadsoverslag
- detaljert anbudsbeskriving med teikningar og kostnadsrammer
- tilsetje prosjektleiar med fagkompetanse
- byggjemelding – fremje prosjektet for ordinær byggjesaksbehandling

2. Kompetanse og løyve

- innstille på entreprenør/leverandør avhengig av organisasjons- og entrepriseform
- opprette kontrakt etter at anbod/tilbod er vurdert og endeleg vedtak om bygging ligg føre
- teikne forsikringar
- skaffe nødvendige løyve
- Koordinere og informere
- halde regelmessige byggjemøte
- koordinere framdrift (produksjonsplanlegging)
- eventuell dugnadsaktivitet

3. Framdrift

- overvake framdrifta og økonomien til prosjektet
- ta ansvar i samband med overtaking og garanti
- utarbeide endeleg driftsplan og revidert driftsbudsjett

Byggjesak og anskaffingsreglement

Teknisk etat, planetat eller reguleringsvesen hos kommunen har beskrive den formelle saksgangen i ei byggjesak og kan gje informasjon og råd. Alle etatar som behandlar byggjesaker, er lovpålagde slik informasjons- og rådgjevingsteneste. Bygherrar har krav på ein førehandskonferanse med kommunen.

Det er viktig å vere merksam på at lov om offentlege anskaffelser kan gjelde for bygging av idrettsanlegg. Kompetanse på dette feltet bør også varetakast i plan- og byggjekomiteén til prosjektet.

Økonomi og finansiering

Når ein skal i gang med store og omfattande prosjekt, er det nødvendig med ein god finansieringsplan. Det er særleg viktig ved kostnadskrevjande idrettsanlegg at det blir gjort eit grundig planarbeid. Dette er viktig for at fylkeskommunen skal kunne godkjenne søknaden om spelemidlar.

Det finst fleire typar finansieringskjelder, og dei typiske eksempla er

- stiftelses- eller fondsmidlar (går inn som eigenkapital)
- kommunale tilskot
- spelemidlar
- dugnadsarbeid
- mva.-kompensasjon

I startfasen av prosessen er det viktigaste å få kartlagt behovet og raskt få laga eit overslag over forventa kostnader. Den enklaste måten å gjere dette på er ved å anten kontakte ein entreprenør og be om eit grovt overslag eller å finne ein idrettsklubb eller kommune som har bygd eit anlegg som har om lag dei same dimensjonane, og sjå på rekneskapen for bygginga der.

Spelemidelsøknad

Det kan normalt søkjast om tilskot av spelemidlar til bygging av skateanlegg.

Alle vilkåra for å oppfylle ein spelemidelsøknad går fram av føresegnene til Kultur- og likestillingsdepartementet gjevne i publikasjon V-0732 *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*. Føresegnene og ei rettleiing til

søknadsprosessen finst på www.anleggsregisteret.no. Det er viktig at siste versjon av føresegnene blir lagd til grunn for arbeidet med søknaden.


Det er også viktig at dei som planlegg anlegget, gjer seg godt kjende med føresegnene, tidsfristane osv. Søknad om tilskot blir send elektronisk via nettstaden www.anleggsregisteret.no. Sjå føresegnene for nærmare informasjon.

Følgjande punkt er viktige når det skal søkjast om tilskot

- Anlegget må vere innarbeidd i ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet (gjeld alle anlegg med kostnadsramme over kr 600 000).
- Det vanlegaste er at det er kommunen eller idrettslaget (klubben) som er eigar av anlegget og dermed søkjar av tilskot. Andre organisasjonar eller samanslutningar kan vere eigar og søkjar, sjå nærmare om dette i føresegnene.
- Eigar av anlegget må ha eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunnen der anlegget skal liggje. Retten til å bruke grunnen skal dokumenterast.
- Det må utarbeidast kostnadsoverslag som vedlegg til søknaden.
- Det må utarbeidast ein finansieringsplan som viser korleis planlagde kostnader skal finansierast. Alle postar i finansieringsplanen skal dokumenterast.
- Det må utarbeidast ein plan for drifta av anlegget, inkludert driftsbudsjett.

Tidsomfang under bygginga

Hastverk gjev dårleg skateanlegg. Kompleksiteten i kupert skateterreng, og nøyaktigheita i arbeidet, gjer at ein må støype små felt. Å stålglatte våt betong er ein kamp mot klokka. Størknar betongen før forma og overflata er god, er det for seint. Særleg flater med organiske former må delast opp i mindre støypar. Å byggje for eksempel eit skateanlegg på 500 m² tek mellom 10 og 14 veker avhengig av grunnforhold og ressursar. Betong inneheld vatn, så for å støype må det vere frostfritt. Betongen skal størkne langsamt, så frost gjev uboteleg skade. Arbeidet ute skjer derfor i perioden april til oktober (i Sør-Noreg). Å setje opp telt med varme er eit alternativ. Dette må gjerast grundig og er meir kostbart.



Del 2:
Konsept
og krav til
skateanlegg


Små trapper, rails og kantar
appellerer til alle nivå. Kva
meistringsnivå blir anlegget
bygd for? Skater: Eirik Skaug.
Foto: Jon Levi Pedersen




Design, utføring, kvalitet

Design

Designen av eit skateanlegg bør vere nøyaktig ned til millimeteren på dei fleste detaljane. Andre detaljar kan ha høgare toleranse. Kva som må varetakast kvar, veit berre ein erfaren skateanleggdesignar.¹ Bak alle gode anlegg står ein god designar med røter i skatinga.



Lekker presentasjon gjev skatellyst, men utan målsatte planar og snittekningar kan ein ikkje vite om dimensjonane er funksjonelle. Design: Fritjof Krogvold




Snittegning skal være målsatt med bl.a. høyder, lengder, bredder, avstander og bueradier, samt detaljer og høydekoter. Tegning: Fritjof Krogvold


Om vi konsentrerer oss om faget til designaren, er det desse faktorene som blir lagde til grunn:

- Eit godt hovudgrep
- Variasjon av element (for forskjellige triks)
- Nok plass til trygg bruk
- Nok fart til ønskt funksjon
- Fullstendig målsatte teikningar
- Forankring i gjeldande standard – NS-EN 14974

¹ Brettforbundet har god oversikt over erfarne designarar – både i Noreg og i utlandet, dei kan hjelpe med rettleiing. www.brettforbundet.no



Plantegning skal være målsatt med bl.a. avstander, lengder og bredder, samt detaljer, fallinjer og høydekoter. Det lages egen plantegning som viser hvor snitt går. Tegning: Fritjof Krogvold



I designfasen kartlegg ein rullelinjene i anlegget i ei planteikning.

Det er designaren som har ansvaret for å sy saman ønske og innspel til ein god og funksjonell heilskap. Ein skateanleggdesignar veit kva som er gode storleikar for forskjellige meistringsnivå. Designaren leverer ei fullstendig beskriving av anlegget og storleiken på elementa med alle mål og detaljar.

Andre detaljar som er avgjerande for god rullekjensle og funksjon, er avrenning og overflate. Desse sorterar vanlegvis under prosjektering. Sist har vi detaljar som sorterar under korrekt utføring.²

² Illustrasjonar og beskriving følgjer på s. 34.



1



2



3

1 Skating genererer støy. Gjer tiltak som skaper godt naboskap, som på Kolbotn. Skater: Alex Holm. Foto: Alex Holm 2 God belysning på Kolbotn gjev fleire brukstimar. Foto: Alex Holm 3 Belysninga bør planleggjast så ho blir spreidd godt. Kolbotn. Foto: Alex Holm

Planlegging med tanke på støy

Aktiviteten i skateanlegget vil skape støy. Anbefalt tilpassing tek utgangspunkt i avstanden til dei som vil merke støyen. Dei rettleiande tala for avstand er ikkje eintydige, men generelle. Årsaka er at støy kan absorberast i miljøet. Jordvollar og tre absorberer støy og reduserer behovet for avstand. Hardt og slett underlag som betongflater og vatn absorberer ikkje støy og gjer avstanden nødvendig. Støyreducerande tiltak kan bidra til å minske behovet for avstand. Tiltak kan vere i form av terrengtilpassing, støyskjermer og lokale grep, for eksempel å skifte vindauge på bustader der ein merkar støyen.

Sjølve rullinga på skateboard genererer låg støy. Når skataren hoppar og mistar brettet og brettet treffer betong eller treverk, oppstår lyden som er mest utslagsgjevande. Dette blir kalla støytappar. Det er ikkje snakk om ein jamt høg støy, men lydar som kjem i varierende frekvens, utan at ein får noko varsel om at no smeller det. Det er karakteren til støyen som gjev grunnlag for anbefalinga om avstand.

Generelle råd:

- For anlegg i treverk, sjå etter eit område meir enn 200 m frå fast busetnad. Dersom anlegget ligg under 200 meter frå busetnaden, bør ein involvere ein støykonsulent.

- For anlegg i betong, sjå etter eit område meir enn 100 m frå fast busetnad. Dersom anlegget ligg under 100 meter frå busetnaden, bør ein involvere ein støykonsulent.

Tiltaka kan vere lokale, som støydemping på vindauge og støyskjermer i hage, eller meir omfattande med støyskjermer rundt delar av, eller heile skateanlegget

Belysning

God belysning i anlegget gjev mykje lengre brukstid i vår- og haustperioden. Klimaet for fysisk aktivitet er vel så godt da som på sommaren. Når dagslyset svinn, er det klokt å ha investert i god belysning – det genererer mange fleire brukstimar. Når dette blir skriva, er ei rekkje anlegg i Noreg utstyrte med god belysning med sensorar som skruv lyset på etter behov. Dette varierer etter kvar anlegget er plassert. Ved for eksempel bustadfelt er kravet om ro i idrettsanlegg vanlegvis klokka 22.00. Belysninga bør ha ein timar som dimmar lyset frå på til av i løpet av eit halvt minutt. Slik unngår ein skadar som vil oppstå om ein skatar er på toppen av eit rekkverk og alt blir mørkt på eit blunk. Belysninga bør plasserast høgt og ha jamn spreing frå fleire kjelder for å få bukt med slagskugar.

Tilleggselement

I samband med planlegginga av skateanlegg bør behovet for tilleggselement vurderast. Eksempel



1



2



3

- 1 Her manglar tilløp og bremsesone for blant anna funbox og curb. Dårlig prosjektering gjev liten bruk. Foto: Brettstedet
- 2 Feil på vinklar, tilløp, høgder og detaljar. Berre svært erfarne skatarar kan teikne gode anlegg. Foto: Alex Holm
- 3 Bærum kommunes hall bygd for rulling er blitt eit landemerke. Formatet på grunnarealet er valt for godt køyre-mønster, og hølprofilar i polykarbonat slepper inn dagslys. Foto: Alex Holm

på tilleggselement er blant anna sanitæranlegg for utandørsanlegg og frittstående lager. For innandørsanlegg kan tilleggselementet vere sosialt rom, garderobar, klubbrom, verksted o.l. Det kan søkjast om ekstra spelemidlar til tilleggselement så lenge elementa tilfredsstillar gjeldande krav til storleik og utforming. Sjå «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» V-0732. Tilleggselementa kan delast med andre anlegg med rett på spelemidlar.

Storleiken på skateflata

Eit utbreitt syn er prefabrikkerte anlegg der designen er for trong til å kunne skatast – det er for mange element på for lita flate. Element som høyrer saman, manglar avstanden ein treng mellom elementa for å justere fotposisjonen og førebu bruken av spenst eller vektoverføring. Frittstående element som krev førebuing, har ikkje fått den nødvendige tilløpsona eller avslutningssona som trengst. I arbeidet med denne rettleiinga har vi komme til at det er for komplekst å svare på kva som er tilstrekkelege lengder og avstandar, da vi fryktar at eit minimum kan setje presedens, som igjen kan skape ein standard eller i verste fall tolkast feil. Igjen: Prosjektet bør knyte til seg ein skateanleggsdesignar.

Krav til storleikar for konkurransar

Internasjonale krav til anlegg og arenaer er det World Skate som set. Det blir operert med to kategoriar: R for *recreational* (rekreasjon) og C for *competition* (konkurrans). Anlegg for verdsmeisterskap og olympiske leikar set standarden for *C-class*. Krav er sette for *street* og *park* (bowlandskap), som er greinene det blir konkurrert i her.

Generelt skal anlegget vere tilrettelagt for *run* på 45–60 sekund. Konkurransflata til skatarane må innfri denne tabellen.

Grein/disiplin	Minimum	Maksimum
Street	950 m ²	1900 m ²
Park	800 m ²	1700 m ²

Streetanlegg skal tilby variasjon i element som *rails*, *ledges*, trapper, *banks*, *walls* og *gaps* m.m. Det må ha to område med trapper: *big section* med høgdeforskjell på mellom 1,2 og 1,6 meter og *low section* lågare enn 0,8 meter. Begge trappesetta bør innehalde *rails* og *ledges*. Skatarane skal ha same tilgang på element uavhengig av *stance*.

Det er krav til materialval, friksjon/jamleik og farge på rulleflata. Det er krav til tryggingssone i breidd og høgd og til belysning.

Arenaen skal ha område der deltakarane kan varme opp, og for publikum og funksjonærar. Klubb og kommune søker om å vere vertskap for internasjonale arrangement i samarbeid med Brettforbundet. Meir info hos www.worldskate.com

Brettforbundets kategori og kvalitetsstandard for skateanlegg.


Kvalitetsstandarden omhandlar ute- og inneanlegg.

Kategori	Nivå
Kvalitetsstandard 1 <ul style="list-style-type: none">• Skateanlegg• Streetanlegg• Bowlanlegg	Stort anlegg med to eller fleire grener av Internasjonal og nasjonal konkurransestandard. Regionale og nasjonale anlegg. Total areal over 2000 m ² . God kvalitet, høy standard og stor variasjon i type elementer. Unik design. Støypet i betong på staden. Anlegg med toaletter og fasiliteter for klubb og publikum.
Kvalitetsstandard 2 <ul style="list-style-type: none">• Skateanlegg• Streetanlegg• Bowlanlegg	Ordinære anlegg med ein eller flere grener med nasjonal konkurransestandard. Areal 1000 – 2000 m ² . God kvalitet og høy standard. Unik design. Støypet i betong på staden. Anlegg med toaletter og fasiliteter for klubb og publikum.
Kvalitetsstandard 3 <ul style="list-style-type: none">• Skateanlegg• Streetanlegg• Ramp	Nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. 500 – 1000 m ² . Unik design. Betong støpt på stedet, prefabrikkerte elementer på betongsåle, eller ramper i impregnert trevirke med rulleflate i slitesterkt komposittmateriale produsert for formålet.
Kvalitetsstandard 4 <ul style="list-style-type: none">• Skateanlegg• Streetanlegg• Ramp	Mindre nærmiljøanlegg. Anlegg/enkeltelementer for nærmiljø/skoler etc. 300 – 500 m ² . Støypet i betong eller prefabrikkerte elementer på betongsåle eller asfalt, eller ramper i impregnert trevirke med rulleflate i slitesterkt komposittmateriale produsert for formålet.

For kartleggingsark for definisjon av anlegg, sjå vedlegg 2.

Enkelte skateanlegg er verken tenleg designa eller bygde, dei blir dermed lite eigna for den bruken dei er tiltenkte. Dette får uheldige konsekvensar både for potensielle brukarar og når det gjeld kostnader.

Ei kartlegging som Brettforbundet har gjort, viser at det er lett å trø feil. For det utrena auget kan eit lite tenleg anlegg sjå funksjonelt ut.



Innandørs anlegg – heilårstilbod

Skating eignar seg ikkje på det norske vinterføret. Vått underlag frå regn eller kondens er farleg fordi veggrepet blir svært redusert. Vidare toler ikkje kulelager og trelaminatet i brettet fukt. For å få innfridd ønsket om eit heilårstilbod treng skatarar i Noreg innandørsanlegg.

Tilboda og driftsformene varierer. Nokre stader er kommunen ein bidragsytar som skaper føreseieleg drift. Dei fleste stadene er tilboda drivne frivillig av klubbar, med den sårbarheita det inneber. Eit halltilbod krev styring, oppfølging og finansiering over tid, i motsetning til etablering av eit utandørsanlegg i betong som kan vere ei investering nær utan vidare driftskostnader.

Erfaringar frå heile landet viser at når eit godt halltilbod er på plass, fører det til rekruttering og stabil aktivitet gjennom heile året. Med eit godt heilårstilbod får idretten dedikerte brukarar.

Fleire kommuner har reist skatehall. I andre byar finn kommunen eller klubbar gamle industri- eller forretningslokale til formålet. Det er forskjell på å byggje nytt og å ta over gammalt lokale. Brann- og rømmingsvegar og HMS må godkjennast. Hygiene må varetakast i form av blant anna toalett, vaskemoglegheiter og søppelordning. Ein må ha varme og lys, og det må drivast reinhald av lokalet.

Der brukargruppa er for lita til å etablere eigen hall, kan ein sjå etter ei mogleg løysing i ein fleirbrukshall. Å samle fleire aktivitetar med egne soner i eit innandørsanlegg er ein måte å dele ansvar, fasilitetar og utgifter på. Vidare blir det skapt ein stad der fleire kulturar møtest. Fysakhallen i Bergen er eit eksempel på dette.

Ein kan også undersøkje moglegheitene for å realisere mindre anlegg eller skateanneks, for eksempel ein *miniramp* i eit eksisterande bygg. Erfaring frå skolar og fritidsklubbar viser at dette skaper positiv aktivitet.

Tilbodet bør sjåast i samanheng med kva for andre tilbod ein har lokalt. Har ein eit godt anlegg utandørs, og nokre gode *street-spots*, vil skatarane søkje ut på tørre dagar. Om våren blir skateanlegga ute ein stad med mykje liv og mange skodelystne. Ein ledig hall er ei fin ramme for skatarar som ikkje traktar etter merksemd: nybegynnarkurs, gamlisskate (for folk som har rigid timeplan) eller andre grupperingar som vil skate i fred. Med planlegging kan ein gjere hallen populær heile året. Før dette er det likevel viktig å sjå for seg kor lenge ein i første omgang ønskjer å drive det tilbodet ein lagar.

Ein del klubbar vel å byggje om i løpet av sommaren. Fordelen med anlegg i trevirke er at element kan



4



5



6

❶ Før ein tek i bruk eit gammalt industrilokale, er det mange punkt som må sjekkast. I Drammen trefte ein godt. Foto: Alex Holm ❷ Med god logistikk får ein plass til søppelspann, verktøyboks, straum, disk og utlånsutstyr. Bodø. Foto: Henriette Pedersen ❸ Bodøs godt løyste 300 m2 genererer mykje aktivitet. Foto: Henriette Pedersen ❹ Ei betongflate skal bli jamn og stålglattast. Det er nødvendig og tungt arbeid. Foto: Alex Holm ❺ Pegs i stål på BMX aukar slitasjen på betong og beslag. Foto: Alex Holm ❻ Låge sparkesykkeldeck i metall aukar slitasjen på overgangar i anlegg. Foto: Alex Holm

rivast og noko nytt kan byggjast. Nytt er spennande og gjev ny prestasjonslyst.

Utandørsanlegg

To eigenskapar ved utandørsanlegga er svært låge driftskostnader og låg grad av organisering av tilbodet.

Utendørs anlegg svarer på skaternes ønske om frihet – til å skate når de vil. Om været er fint – ja da vil man være ute i friluft under åpen himmel! Det trengs ingen organisering av et tilbud utendørs, men bør reguleres for brukernes sikkerhet i aktiviteten. Et anlegg i betong med detaljer i stål og granitt har svært lave vedlikeholdskostnader. Utendørsanlegg bør være gratis og bruke. Det bidrar til å utjevne forskjeller. En vil trenge en bod for koster, noe utlånsutstyr og sårbehandlingsutstyr, vann til spyling og drikke.»

Materialval for overflata

Skateanlegget skal i hovudsak innfri på to punkt: herleg oppleving på brett og god slitestyrke.

God oppleving på skateboard fordrar god overflate for rulling og elles rett friksjon der ein vil stille hjula

på tvers og *power-slide* (sladde). Skatarar liker også å skli på kantar og rekkverk med brettet (*slide*) og på truckane – hjulopphenget av stål (*grinde*). God slitestyrke får ein ved hjelp av å velje rett materiale.

Betongdekke

Betong er det mest føretrekte materialet for skateanlegg. Årsaka er svært god rullekjensle, låge vedlikehaldsutgifter, at det er det lettaste å forme som ein vil, og at det gjev låg støy.

I valet av betong for skateboard er betongkvalitet B35 MF45 anbefalt. For overflate visast til standard for betonggolv, med tillatne avvik på skråflater som for golv.

Den fuktige betongen må stålglattast minimum to økter for hand i bogar, på skråplan og mindre flater. På store flater bruker ein vanlegvis ei maskin kalla «helikopter».

Kvaliteten blir sikra i anbudsutlysinga ved å velje kvalifiserte handverkarar og selskap med referansar frå relevante og liknande anlegg.



Asfaltdekke

Egenvekt og marktrykk fra skateelement er høgt. Derfor blir det stilt krav til bereevna til asfaltdekke for skateboardelement.

Overgangar eller skøytar i asfaltdekket skal ikkje førekomme. Det er anbefalt einssidig fall mot langside, eventuelt takfall med fall mot lengderetningar. Det skal ikkje førekomme søkk som gjev vassdammar.

Materialval element

Element i trevirke kan setjast på asfalt. Element i betong bør ikkje setjast på asfalt, da dei over tid vil søkke ned i asfalten. Element i betong kan setjast på betongflate. Nokre produsentar etterbehandlar rulleflata til elementa med eit epoksyprodukt som gjer dei svært glatte ved litt regn eller kondens.

Prefabrikkerte element i betong

Fleire og varierte utfordringar er knytte til prefabrikkerte element i betong. Det er mogleg å skape eit godt nærmiljøanlegg av prefabrikkerte element, men det er altså fleire utfordringar knytte til dette, blant anna at det blir ujamnt ved skøyttane.

Prefabrikkerte element med rulleflate som møter bakken, bør ikkje setjast på ny asfalt. Ny asfalt er mjuk og bruker om lag to år på å herde. I denne perioden vil element med ein del egenvekt gradvis søkke

ned i asfalten. Populære element (som *quarterpipe*, *bank*, *funbox*, *flybox* og *kicker*) er frårådde, da dei har køyreflate som møter bakken. Over tid søkk enden på elementet og dannar ein brå kant der rullebretta i verste fall set seg fast. Eit godt arbeidslag evnar å leggje asfalten flatt, men ofte ser vi at asfalten for skateanlegg blir lagd ujamnt, med det resultatet at overgangar frå element svever i lufta der asfalten er låg. Dette gjeld spesielt element som *hip*, *flybox* og *pyramide*.

Element som ikkje har køyreflate mot bakken, vil også søkke, men det er lågare risiko for å gjere elementet mindre skatebart. Dette gjeld element som *manualpad*, *curb* og *flatbar*. Desse elementa vil etterlate avtrykk nedi asfalten. Avtrykka vil vere for djupe å rulle over med skateboardet. Eit modulbasert anlegg på asfalt vil derfor ikkje vere mogleg å «ommøblere» etter utviklinga til brukarane og ønske om forandring.

Poolcoping

Poolcoping er ein formstøyp bassengkant, vanlegvis i betong. I *bowl* blir det ofte brukt *poolcoping* på kanten i dei djupare delane i staden for eit stålrør. *Poolcoping* er populært, og dersom det er eit godt produkt, temmeleg solid. *Poolcoping* blir vanlegvis levert i støypte blokker, men kan også støypast på staden som ein saumlaus bassengkant.



❶ Å byggje skateelement i asfalt gjev vanlegvis elendig skateanlegg. Foto: Alex Holm **❷** *Poolcoping*, eller på norsk, bassengkant. Foto: Alex Holm **❸** Støypte *poolcoping* i blokker blir leverte rette og med radius. Foto: Alex Holm **❹** Stålet som blir skata, må ha god godstjukn og tole røff bruk. Larvik. Skater: Herman Stene. Foto: Jon Levi Pedersen **❺** Legg skikkeleg beslag først som sist. Foto: Fritjof Krogvold **❻** Granittcurb for skating må flammast og fasast rett. Legg merke til spor for jekketralle. Foto: Fritjof Krogvold **❼** Er ein nøye, kan ein byggje skateelement av granittblokker. På Haugenstua i Oslo står fagkunnskapen støtt. Skater: Jonathan Arnestad. Foto: Alex Holm

No-ping

No-ping er kort for *no-coping* og er ein betongkant utan beslag, tiltenkt skating. Dette førekjem på toppen av bogar og på såkalla *slappy-curb*, som er ein låg kant for skating. Denne kanten er meir utsett for slitasje og må derfor etterbehandlast med epoksy eller liknande produkt.

Stål

I valet av stål for skatebare rekkverk og kantar anbefalas «svartstål» med stålqualität S355J2. (til dømes på *flatbar*, *handrail*, *ledge*, *ramp* og *quarterpipe*). Tjuknaden på stålgodset bør vere

minimum 3,65 mm. Stålet må reinsast og enden på røyr lukkast.

Granitt

I valet av stein for skatebare kantar har mange ein preferanse for granitt. (Syenitt og marmor er også godt likte, men desse har ein lågare slitestyrke.) Granitt er anbefalt for sin trykkfastleik og andre eigenskapar. For slitestyrke må kantar fasast 8 mm. Granitten bør ha flamma overflatebehandling (ikkje glatt eller grovhogd). Skatarane voksar så kantane slik at desse glir på føreseieleg vis og godt for triksing. (Se side 34).

Element i treverk

Trevirke blir i hovudsak brukt inne. Unntak er små utandørsanlegg som i hovudsak består av ramper og nokre enkle streetelement. Brettforbundet frårår å oppføre anlegg i trevirke utandørs i kvalitetsstandard over 4. Unntaka er vert-, mini- og microramper. Ein kan supplere eit anlegg i kvalitetsklasse 3 med ein *ramp* i trevirke, men det blir frårådd å reise store konstruksjonar fordi vedlikehaldet blir kostbart og tidkrevjande. Anlegg i treverk må ha nye køyreplater etter maksimum fire år. Vanlegvis bør dei skiftast tidlegare, med mindre rulleflata er godt vedlikehalden. Unntak er plater i plastkompositt laga for skateboard. Desse er meir haldbare. For eit reisverk av trevirke kan ein i beste fall berekne ei levetid på tolv år. Det blir frårådd å bruke spelemidlar til å finansiere anlegg i trevirke utandørs, da vilkår for tilskot fordrar høvesvis 10 års driftstid for nærmiljøanlegg og 30 år for ordinære anlegg. Unntaket kan vere ramper som er innandørs. Det kan gis tilskudd til rehabilitering av anlegg etter 20 år.

Ramper i treverk

Mini- og microramper kan ein byggje sjølv, om ein er nevenyttig. Dette er konstruksjonar folk gjerne byggjer på dugnad. Det finst også erfarne rampesnikkarar. Ikkje bygg *vertramp* utan ein kunnig rampesnikkar!



Ein erfaren rampesnikkar set coping-en presis på Fornebu. Foto: Bærum kommune

Anbefalinga er å bruke trykkimpregnerte bjelkar til reisverk.

Køyreflata bør bestå av to lag plater i 9mm tjuknad. Det nedste og det første laget er vanlegvis kryssfiner eller forskalingsplater i bjørk. Køyreflata, som er andre lag, kan med fordel vere av plastkompositt laga for skateboard. Alternativt bruker ein den same platetypen som i det første laget. Om ein vel forskalingsplate, må rulleflata vere av typen Wireplate med sklisikker side som skal opp.

For slitestyrke blir kryssfineren måla med ei oljemåling eller ein beis. Denne kan gjerne tynnast noko, slik at lakken trekkjer noko inn i treverket og ikkje ligg som ein tjukt dekke over treverkseigenskapane. Reisverk kan spikrast eller skruast på plass. Plater må skruast med ei raus mengd skruar for å skape ein stiv og bestandig *ramp*.

Utføring

Utføring ved bygging og konstruksjon har særdeles mykje å seie for funksjonaliteten til anlegget og seinare bruk. Ujamn overflate og feil halling merkar ein godt med små hjul på 52 mm diameter. For det utrena auget er avviket vanskeleg å sjå, men for skatarane er forskjellen heilt avgjerande.

Det er derfor viktig å engasjere eit selskap med relevant erfaring og ein byggjeleiar og handverkarar med den rette kompetansen. Ein bør velje handverkarar som kan vise til gode referanseanlegg. Erfaringa til Brettforbundet er at å velje handverkarar utan den rette erfaringsbakgrunnen i stor grad påverkar kvaliteten negativt.

Sikring av støyp og rekkefølge støyp

Ein byggjeplass skal sikrast med gjerde mot inntrengjarar av fleire grunnar. Det er også viktig av omsyn til slitestyrken til anlegget. Støypete kantar som er tiltenkt skating, treng å herde i 3 veker før

dei kan brukast. I tida etter støypinga er støypen dekt med plast, men når betongen kjem i dagen, vil han vere attraktiv å skate på. Skatarar er nysgjerrige på nytt terreng, og for nokre trengst meir enn eit skilt for å hindre at freistande terreng blir skata for tidleg.



Betong som ikkje får herde, går i stykke. Foto: Alex Holm

Støyperekkefølga blir vanlegvis gjort i denne rekkjefølgja:

- ① Klossede element som *curb*, *ledge* og *manual*
- ② *Banks* og bogar
- ③ Flater og plattformer

I hovudsak er dette rekkjefølgja fordi ein da har best kontroll på forskaling, avrenning og moglegheit for justeringar. Rekkjefølgja høver elles bra med at anlegget treng å få stå ubrukt i byggje- og herdeperioden.

Avrenning

Avrenning i skateanlegg utendørs må til. Vatn og skating høver ikkje i lag. Veggrepet forsvinn, og underlaget blir såpeglatt. Dette er farleg. For å unngå mistydingar: Rullebrett er av trevirke og kulelager av stål – begge toler vatn dårleg. For at anlegget skal vere trygt og tilby all mogleg brukstid, er det avgjerande at avrenninga fungerer. Helling må leie vatn til sluk, rist eller anna drenering.

Bowl må ha eigna sluk i botnen. Ein *ramp* bør ha sidelengs fall. I flate streetanlegg, med enkle element, kan einssidig fall eller takfall med avrenning mot langsiden vere ei løysing. Som prinsipp bør det unngåast fall i rulleretninga. På anlegg med ein god storleik er ikkje dette mogleg, og da er det flata som blir brukt. Der det er bogeforma konstruksjonar med *coping* (kantrøyr), må fall føre vatnet vekk frå *coping*. Som utgangspunkt blir det anbefalt eit fall på 1 : 50 på både betong og treverk. (2 cm pr 1 meter). Sluka skal ha jamn og glatt overflate. Høla i sluka får vere < 8 mm. Sluka skal liggje i flush med den omliggjande rulleflata.



Vatn gjev dårleg veggrep. Avrenning bør prosjekterast godt. Foto: Fritjof Krogvold


Typiske feil som går att i utføringa

Ujamn køyreflate: Ein utbreidd feil er at krummingane og overgangane blir ujamne og humpete. Handverkarane får ikkje til enkle radiusar, jamne skråflater eller presis knekk på topp av hallande flate. Avvik på svakt hallande flater kan resultere i at det samlar seg vatn.

Slipe og pusse: Ei køyreflate skal vere glatta under støyp – ikkje pussa etterpå. Uerfarne entreprenørar «rettar opp» feil med å pusse der køyreflata er humpete etter støyping. Dette gjev eit dekke som kjennest som sandpapir og er meir farleg å falle på. Vanleg fallteknikk blir ubrukeleg, og tryggleiken og rullinga har ikkje vore i fokus.


1 COPING

Set coping (kantrøyr i stål) 8 mm (+/-2) ut frå boge og plattform. Det er anbefalt at coping har ein diameter på 60,3 mm.




2 FULLENDTA BOGE

Ei bogeforma køyreflate blir gjennomført med jamn radius.




3 BESLAG

Det er to praksisar for beslag på curb/ledge. I eksempelet til venstre er vinkelstål støypt inn i forskaling. Til høgre ligg støyp i ei metallform. Beslaget skal flukte med både horisontal og vertikal flate.



4 GRANITT

Topp og sider skal ha «flamma» overflatebehandling (ikkje grovhogd eller glatt).




8 mm fas på alle eksponerte kantar.


Element kan gjerast flyttbare for jekketralle med kanalar i standardmål. Med ei manuell jekketralle kan ein flytte 2 tonn last på flatt underlag.

5 OVERGANGAR

Køyreflate frå flatt til bank, funbox og pyramide (skråplan) bør ha ein radius på 2 meter og tangere presist.




NB: Det er unntak for design som skal ha street-autentisitet.



6 FARTSAVPASSING

Endeelement bør ha om lag lik høgd for å generere eller fange opp fart.




Anlegg sett i snitt.

7 AVRENNING I UTEANLEGG

For god avrenning bør alle flater ha eit fall på minimum 1 : 50. Det vil seie: 50 cm breidd skal ha 1 cm høgdeforskjell. I mindre anlegg kan eit sidelengs fall eller takfall frå høgdedrag vere tilstrekkeleg. Sjå eksempel på skisse til avrenningsplan i lite skateanlegg på sida. Fall i streetanlegg bør planleggjast nøye med både designar og utførande. Justeringar med noko meir eller mindre fall på eigna stader er vanlege. En bowl må ha sluk.


Sjå store piler i eksempel.



Anlegg sett i plan.


8 AVRENNING FRÅ PLATTFORM OG RAMP

Plattformer bør ha 1 : 50 fall frå coping til bakkant. Det vil seie: 50 cm breidd skal ha 1 cm høgdeforskjell. Ein ramp utandørs bør ha sidelengs fall. Det blir vanlegvis løyst ved at heile fundamentet og dermed botnramme og reisverk har sidelengs fall. Sjå små piler i eksempel.




9 Sluk

Sluk på køyreflata skal ha slett overflate og flukte. Sluk får ha opning på 8 mm. (Ny standard). Det blir anbefalt lokk og silrist som kan opnast og tøm mast.




EKSEMPEL PÅ SKISSE AV SKATEANLEGG MED NAMN PÅ ELEMENT.

- | | |
|-------------------------------|--------------------|
| 1. Quarterpipe (på grunnplan) | 9. Hubba/ledge |
| 2. Liten quarterpipe | 10. Kicker |
| 3. Stor quarterpipe | 11. Grunnplan/flat |
| 4. Plattform | 12. Manual pad |
| 5. Flatbar | 13. Curb |
| 6. A-frame | 14. Stor bank |
| 7. Eurogap | 15. Bank |
| 8. Trapp | |



Anlegget sett i plan gjev ei betre oversikt for å skilje elementa i skateanlegget.



OBS: Påkravd rekkverk er ikkje med i illustrasjonen. Avstandar mellom element er reduserte for å gjere teikningane tydelegare.

Norsk Standard

Gjeldande standard er NS-EN 14974:2019

Skateanlegger – sikkerhetskrav og prøvingsmetoder

Brettforbundet anbefaler å leggje denne til grunn for offentlege skateanlegg. Dersom ein byggjer ein *miniramp* på eiga tomt, vil neppe nokon leggje seg opp i om ein har smal *ramp* eller manglar gelender. Blir det derimot bygd på offentlig grunn med offentlege midlar, er det uklokt å ikkje innfri standarden.

Standarden skal hindre at det er farleg å bruke og opphalde seg i anlegget. Frå perspektivet til designar og byggherre er det også uklokt å avvike frå standarden. Om nokon skulle skade seg stygt og tryggingsskrava ikkje er følgde, kan ein måtte bere skylda og konsekvensane av skaden.

NS-EN 14974 omfattar i hovudsak krav til utforming knytte til tryggleiken. For eksempel desse:

- Fallhøgde frå plattformer får vere maks 100 cm.
- Gelender som skal hindre fall, har krav til utforming og skal vere minimum 120 cm høge.
- Avstanden mellom element, f.eks. *curb* og *flatbars*, i eit streetanlegg skal vere minimum 150 cm.

Standarden set også nokre rammer for bogeradius i *ramp* og avstanden på flate mellom bogar. Vidare inneheld standarden materielle og byggtekniske krav for treverk, stål og betong.

Standarden er på engelsk og kan bestillast her:

<https://www.standard.no/no/>

Nettbutikk/produktkatalogen/

Produktpresentasjon/?ProductID=1055685

Brettforbundet kjenner standarden. Ta kontakt om ein behøver hjelp med tolkning av innholdet.

Ferdigsynfaring av skateanlegg

Det blir gjort ei ferdigsynfaring der byggherre og leverandør møtest i skateanlegget og ser over at kjøpar har fått det leverandør skal levere i samsvar med kontrakten. Begge partane bør ha med ein representant med fagkompetanse på utføring av skateanlegg. I og med at ein byggherre som kommune eller klubb sjeldan kjøper ein skateanlegg, er det ofte uvisse knytt til kva ein skal sjå etter. Har ein hatt god kravspesifikasjon og gode anbodskriterium, er det som regel eit kompetent byggefirma som har gjort jobben. Da er vanlegvis det meste bra. Dette er den siste anledninga for byggherre og skatarar til å påpeike manglar eller feil med juridisk vekt. Med avtalen til grunn ser ein om produktet er levert. Dette er trygt og ryddig for begge. Til dette bruker ein eit ferdigsynfarings skjema. Sjå følgjedokument 3.



Del 3:
Drift av
skateboard-
anlegg



Tasta, Stavanger.
Skater: Simen Hægeland.
Foto Brettforbundet.

Det er ein stor fordel om personell som skal drifte anlegget, blir inkluderte i ein tidleg fase i prosjektet. Spesielt på innandørsanlegg vil det kunne vere behov for kvalifisert personell, og det er derfor viktig at drifts- og vedlikehaldsintruksar ligg føre ved overtakinga.

Dagleg drift

Når skateanlegget er bygd, skal det feirast! Det kan markerast med eit opningsarrangement, eit familiearrangement eller noko anna som kan skape merksemd om og medieomtale av det nye anlegget.

Den daglege drifta av anlegget føreset løpande vedlikehald og god forvaltning av treningstider, og det er viktig at anlegget kjem inn i gode driftsrutinar frå starten av.

God drift av skateanlegget skal sikre

- at anlegget har fornuftige opningstider og er tilgjengeleg for brukarane
- at anlegget har ein stabil økonomi
- at anlegget blir halde reint og triveleg, med gode reinhaldsrutinar
- at anlegget heile tida blir halde i god teknisk stand
- at HMS-rutinar blir følgde
- at eventuelle tilsette har nødvendig kunnskap

God drift handlar også om å ha tilgang til gode instruktørar. Det oppfordras til at ein samlar flerie klubbar og eigenorganiserte miljø der ein kan utveksle idrettslege og kulturelle erfaringar. Det er viktig å leggje opp til at alle skal kjenne seg velkomne, anten dei er unge eller gamle, nye eller erfarne.

Fleirbruk og regulering – tryggleiken i skateanlegget

Ønsket om fritt å kunne utfalde seg på hjul er det fleire brukargrupper som deler – dei på sparkesykkel, rulleskeiser og BMX triksesykkel. Skatarar er vanlegvis opne for at skateanlegg også kan brukast av andre på hjul. Men, og dette er viktig: Ikkje til same tida, og det bør ikkje skje på kostnad av behovet til skatarane.

Utstyr som kan tillatast i skateanleggar, er i hovudsak fire: skateboard, sparkesykkel (*scoot*), rulleskeiser (*in-line* og *quads*) og BMX- eller triksesyklar. Brettforbundet anbefaler forbod mot vanlege sykklar, leiketøy som sparkesyklar med tre hjul og sitjesyklar utan pedalar. Når dette blir skriva, finst det ei rekkje eldrivne framkomstmiddel. Elsparkesyklar, elskateboard, *airwheel* og andre avartar er laga for transport og ikkje meinte for å bruke i anlegg. Dei utgjør ein risiko for førarar og andre i ein park og bør ikkje tillatast brukte i skateanlegg. Utviklinga av elskateboard til forskjellige formål held fram. Eit konsekvent forbod mot elskateboard er kanskje ikkje tenleg fordi det blir utvikla brett med låg vekt og hastigheit nettopp med tanke på bruk for triksing i skateanlegg.

Det er ikkje sikkert at fleirbruk er ein god praksis sjølv om ulike brukargrupper ønskjer å bruke det same anlegget. Tilbakemeldingar frå klubbar i Brettforbundet er tydelege på at skateboard bør ha eit eige tilbod. Skateanlegg har normalt såpass mange brukarar at fleirbruk er blitt eit problem – det blir konflikter i anlegga og på nettforum. Konflikt mellom forskjellige brukargrupper i anlegg er meir regelen enn unntaket. Polariserte standpunkt og opne kranglar førekjem hyppig.

Fleirbruksproblematikken har breidd om seg i heile landet. I nokre anlegg kan skatarar fylla kapasiteten i anlegget aleine, i andre parkar har spesielt



Skatarar ønskjer å fokusere på prestasjon, ikkje fare. Skater Geir Myrvang. Foto: Alex Holm

sparkesykkelbrukarar blitt ei stor utfordring. Dette skaper ofte konflikter og er ei alvorleg utfordring for tryggleiken.

For å forstå tryggleiksproblemet er det viktig å kunne litt om i hovudsak sparkesykkel og skateboard.

Skateboard og sparkesykkel – utfordringar for tryggleiken

Det er krevjande å komme i gang på skateboard. Ein står oppreist med armene fri og styrer med føter og balanse. Læretida før ein greier å rulle stødig og svinge kontrollert, er lang. Til samanlikning er behovet for øve seg i grunnleggjande ferdigheiter nærmast fråverande for sparkesykkel. Her står ein på eit lågt stiggjerd og held i styret. Det er lett å kontrollere og lett å gå av og på. For å underbygge dette kan ein ta ein kikk på marknaden for elsparkesyklar og utleige. Her reknar ein med ein låg terskel for meistring, sjølv med motor. Dette tilbodet finst ikkje med skateboard fordi det ikkje lèt seg meistre på kort tid.

Som nybegynnarar på sparkesykkel tek ein raskt i bruk heile skateanlegget. Det er flott at det er lett å komme i gang på sparkesykkel, men for andre brukarar kan dette utgjere ein fare. Sparkesykkel utpeiker seg også fordi det rekrutterer mange unge barn, som ikkje har den same forståinga for risiko ved sambruk. Dei manglar oversynet over potensielle farer. Skateboard er utan sidestykke det mest krevjande å få til grunnleggjande meistring på. Det er noko enklare å rulle med BMX-sykkel eller rulleruller.

I tida ein forsøker meiste grunnleggjande manøvrering på skateboardet, får ein mykje kunnskap om samspelet med andre i skateanlegget. Ein lærer når det er klart, og korleis andre bruker det usynlege køyremønsteret i anlegget. Når ventar ein, og når grip ein moglegheita til å rulle. Ein lærer kva grenser brettet har for manøvrering og bremsing. På sparkesykkel får ein i liten grad denne læretida. Ein rullar av garde og blir utsett for og utset andre brukarar for fare, mykje fordi ein er uvitande.

Skatarane ønskjer ofte å drive aktiviteten sin i heftig omfang og tempo. Designen på skateanlegget inviterer til høg fart og dristige triks. Som i andre aktivitetar ønskjer skatarar å fokusere på å prestere. Dei vurderer risikoen i sjølve aktiviteten. Denne ligg i å utfordre grenser – kropp, brett og terreng skal meistrast.

Å regulere tilgangen på aktivitetsflate er vanleg praksis i mange idrettar. Årsaka til det er først og fremst, men ikkje berre, tryggleiken. Fleirbruk i skateanlegg er breitt utprøvd og fungerer dårleg. Skateklubbane seier tydeleg: «Fleirbruk er farleg!» Erfaringa frå anlegg som har redusert fleirbruken, viser auka tryggleik og meir nøgde brukarar.

Barn på sparkesykkel er i særklasse involverte i flest ulykker, med skade både på seg sjølv og på andre. Barn skaper og er utsette for fare i skateanlegg. Barn under ti år har ikkje ferdig utvikla djupnesyn, og evna deira til å oppfatte avstandar og hendingar omkring seg er derfor avgrensa. Dei har lita evne til å føresjå fare. Barn set sin lit til dei vaksne – at dei passar på så dei ikkje blir påkøyrd. Når barn sparkesyklar i skateanlegg, har dei tidvis med seg foreldre ut i anlegget. Dette er ein tryggleik for barnet, men det er uønskt fordi folk som ikkje rullar sjølv, i liten grad forstår kvar og når dei er i vegen. Føresette har som oftast manglande kunnskap om bruk av skateanlegg og risikoen barna deira blir utsette for. Det er lett å sjå på eit skateanlegg som ein leikeplass, da han ofte er utan gjerde. Trenarar og organisering finst ikkje. Dermed er det ingen vande signal om at ein må respektere banen på same måten som ein gjer om ein fotballbane er oppteken fordi det er trening der. Ein skateanlegg er ikkje ein leikeplass – dette blir i stor grad underkommunisert.

Forslag til løysingar på fleirbruksproblematikk

1. Bygg i rett storleik ut frå behov

Den beste løysinga er å byggje stort anlegg med god plass. Tasta skateanlegg i Stavanger har, etter byggjetrinn 2, eit areal på 2,5 gonger kvalitetsstandard 1 (sjå side 27). Stavanger skateboard klubb uttalte i april 2021 at med dette arealet er det plass til alle. Det bør nemnast at i Stavanger-regionen er det ei rekkje nærmiljøanlegg som varetek eit dagleg behov lokalt. Dette gjer at ikkje alle saman dreg til Tasta heile tida.

2. Involver brukarar i reguleringa

Anbefalingane i denne rettleiinga byggjer på tilbakemeldinga frå klubbar tilknytte Brettforbundet. Brettforbundet anbefaler at byggherren (som nesten utan unntak er ein kommune) tek initiativ til eit formelt samarbeid med brukargruppene for å drøfte reguleringa – eit fellesmøte der informasjonen i dette kapittelet blir lagd til grunn. Her kan ein kaste lys over bakgrunn og vilkår for bruk, slik at ei rettferdig regulering kan vedtakast.

3. Tidleg tydelegheit

Det bør informerast om reguleringa i lokalavisa, på heimesida til kommunen og i sosiale medium før anlegget står klart. Skateklubbane understrekar at tidleg skilting skaper føreseielege rammer og aksept for reguleringa i lokalmiljøet. Å innføre regulering etter opninga møter ofte motstand. Skilt med informasjon bør setjast opp i god tid før opninga, og reguleringa høyrer med her. Det varierer kor godt reguleringa blir følgd, så kommunen må sikre ein dialog med miljøa. For at reguleringa skal få effekt, kan det vere nødvendig å vere til stades og ha ein dialog i anlegget i opningstida. Kven som stiller, varierer – nokre kommunar ser verdien i å ha miljøarbeidar i anlegget. Andre stader blir dette løyst det med vaksne frivillige.

Eit tydeleg eksempel på regulering finn vi på utandørs anlegg i Fredrikstad (anlegget der held kvalitetsstandard 3): «Anlegget er for rullebrett, rulleskøyter og BMX/ triksesyklar. På grunn av sikkerhet er sparkesykkel kun tillatt frem til: Kl. 18:00 på hverdager og Kl. 14:00 i helg/helligdager.»

I det sentrale utandørsanlegget i Bodø (kvalitetsstandard 2) har ein landa på denne enkle reguleringa: «kun skateboard etter 18:00 alle dager».



Eksempel frå skilt med regulering frå Stjørdal.

Foto: Hege Thronæs



Eksempel frå skilt med regulering frå Bodø.

Forslag til skilt på skateanlegg:

VELKOMMEN TIL SKATEANLEGGET!

- Anlegget er open til klokka 22.00.
- Du bruker anlegget på eige ansvar.
- Ta omsyn til naboar. Kos dykk gjerne med musikk, men tilpass volumet.
- Barn under skolealder er velkomne i følgje med vaksne. Anlegget er ikkje ein leikeplass.
- Bruk av hjelm og beskyttelse for kne, olbogar og handledd er anbefalt.
- Mat og glasflasker skal haldast utanfor sjølve skateområdet.
- Sjøppel kastar du sjølvsagt i avfallsdunkane.
- Motor- og elkøyretøy er forbodne i anlegget.
- Dette er eit rusfritt område.

Takk for at du viser respekt og toleranse overfor andre og ryddar etter deg. Snakk med kvarandre, bry dykk om nokon treng hjelp. Hjelp oss å ta vare på anlegget. Det gjer parken til ein hyggjeleg stad å vere for alle – takk!

KØYREREGLAR FOR SKATEANLEGGET

- Anlegget er for skateboard, BMX, sparkesykkel og rulleskeiser.
- Peps på BMX og sparkesykkel kan ikkje brukast her fordi det øydelegg elementa. Skru av peps eller dekk dei til med plegs.
- Tilskodarar må opphalde seg utanfor elementa i parken. Stå langs kanten eller bruk benker og tribune i anlegget.
- Køyr ein om gongen i bowlen dersom du ikkje avtaler med andre at de køyrer samtidig. Erfarne brukarar bruker ofte heile bowlen når dei køyrer.
- Skaff deg god oversikt over kvar andre køyrer, før du droppar inn. Er de mange i street- eller parkdelen av anlegget, lagar de eit køsystem.
- For spørsmål om drifta eller miljøet i parken – ta kontakt med:

Ha det moro i skateanlegget!

FDV – forvaltning, drift og vedlikehald

Eit anlegg i trevirke toler mindre enn eit anlegg i betong. Anlegget blir slite av både naturkrefter og utstyret det er laga for. Skateboard, sparkesykkel, BMX og rulleskeiser slit noko forskjellig på delar av skateanlegget. Utstyr av stål med høg eigenvekt slit meir enn utstyr i plast og treverk. Hastigheit og kraft i eit hardt og tungt materiale kan lage betydeleg skade i ein skateanlegg. Dette vil auke behovet for vedlikehald og medføre høgare vedlikehaldsutgifter enn eit anlegg berre berekna for skateboard.

Detaljar som er utsette, er blant anna

- køyreflate med markert knekkpunkt. Sparkesykkel har lågt dekk som ofte sleper ned i overgangar på knekkpunkta og slit på dette.
- *poolcoping* og kantar utan beslag (*no-ping*). På BMX-syklar og sparkesyklar kan ein montere såkalla *pegs* eller *plegs* i sentrumet av navet. *Pegs* har fleire funksjoner for triksing. Ein kan stå på dei med føtene, og ein kan hoppe og lande med *peg(s)* på ein *rail* eller kant for å skli. Truleg gjev eigenvekta til ein sykkel større trykk og med det støyt slitasje. Frå eit designarperspektiv er ein bekymra for at kantar, gods i stål og granitt skal få omfattande skade. Derfor har nokre anlegg område som ikkje er tillatne for særleg BMX.
- kantar utan beslag er sårbare for slitasje. (Se bilete av *slappy curp* på side 33).
- køyreflate i treverk eller komposittmateriale er sårbart for skarpe kantar på deck av sparkesykkel. Videre er det sårbart for slag fra enden på styret av BMX triksesykkel og sparkesykkel.

Eittårssynfaring av skateanlegg

Særskilt for utandørsanlegg bør byggherre og leverandør ha ei eittårssynfaring. På synfaringa av anlegg i betong ser ein blant anna etter nedsigingar, sprekkar, riss og at stål og anna er fast. For trevirke sjekkar ein at stabilitet, montering og plassering på fundament er faste. Manglar blir påpeikte og avtalt utbetra.

Rehabilitering av betongflate

Ei betongflate blir i hovudsak sliten av ein kombinasjon av vêr, salt og forureining i lufta. Etter ti år er eit skateanlegg fullt skatebart og populært, men overflata er ikkje lenger glatt med den låge friksjonen som er å føretrekkje. Det er ein slitasje på funksjonaliteten til anlegget, ikkje tilstanden. (Anlegg i betong nær kysten blir slitne raskare enn i innlandet.) Tida kan da vere moden for ei rehabilitering av anlegget. Med ei finsliping av overflata vil eit slite anlegg bli som heilt nytt. (Dette blei gjennomført i 2020 i Porsgrunn og Larviks utandørsanlegg.) Kompetente handverkarar sliper all rulleflate i fleire omgangar. Brettforbundet jobbar med å få til at sliping av skateanlegg skal gje rett til støtte. (Sjå info på <https://www.komsol.com/sv/skateanleggs.html>)

HMS

Tilrettelegging for HMS (helse, miljø og tryggleik) skal førebyggje skadar og miljøforstyrringar. Det skal sikre at tilsette i verksemda har eit sunt arbeidsmiljø, og sikre at brukarane av anlegget har eit godt miljø.

Dersom noko går gale, kan det peikast på hovudgrupper av ulykkesårsaker der dei viktigaste er menneskelege feil som følgje av mangel på kunnskap eller øving, ytre årsaker som støy, forstyrringar eller trøytteleik, teknisk feil eller manglar ved sjølve skateanlegget eller utstyret som blir brukt.

Dei menneskelege feila kan aldri eliminerast, men god opplæring, rutinar og trening hjelper langt på veg. Ved drift av eit skateanlegg er det eit ansvarsforhold mellom den som driftar, og den som bruker anlegget.

Driftspersonellet (tilbydar) er pålagt følgjande:

1. Kunnskapsplikt

- Tilbydaren skal ha kunnskap nok til å kunne vurdere faren for helseskade.

2. Opplysningsplikt

- Brukarane skal enkelt og tydeleg opplysast om kva for ein risiko tilbodet medfører, og kva som krevst av utstyr og ferdigheiter for å bruke det.

3. Aktsemdplikt

- Tilbydaren skal vise vanleg aktsemd for å unngå at tenesta medfører helseskade. Til dette høyrer det å sjå til at skateanlegget og utstyret er i forsvarleg stand, og at ingen bruker det på ein uforsvarleg måte der vedkommande kan skade seg sjølv eller andre.

4. Risikovurdering og tiltak

- Alle aktivitetar som kan medføre ein risiko for brukarar, skal vurderast. Tilbydaren skal gjere ei risikovurdering og gjennomføre tiltak for å redusere risikoar.

I samband med skateanlegget skal det utarbeidast formelle krav etter internkontrollforskrifta. Ein skal

- ha ein organisasjonsplan med ansvars- og oppgåvefordeling
- sørge for at det er sett mål for helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet og sørge for dokumentasjon av dette
- sjå til at alle tilsette og frivillige kjenner til dette og deltek i oppfølginga

Alle kontrollar skal loggførast, men det er viktig at prosedyrar og tiltak ikkje blir for omfattande. Da kan dei verke mot formålet sitt.

Rapportering

Ein sentral del av HMS-arbeidet er å registrere ulykker og andre uønskte hendingar. Det er mykje lærdom å hente i ulykker og nestenulykker, og med ei systematisk registrering vil ein kunne avdekkje feil og manglar. Dette skal vere tilgjengeleg for alle som er involverte i drifta av anlegget. Det krevst systematisk oppfølging og vurdering av behov for tiltak.

Referansar

www.brettforbundet.no

<https://www.worldskate.org/skateboarding/about/regulations.html>

www.standard.no/no/Nettbutikk/produktkatalogen/Produktpresentasjon/?ProductID=1055685

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/idrett/publikasjoner-om-idrettsanlegg/id86915/>

<https://www.godeidrettsanlegg.no/>

Vedlegg

Vedlegg 1 – Ordliste

A-frame – skateelement av to skråplan som møtest i ein toppkant

Bank – skråplan for start eller trikssing

BMX – trikssyssel med lågt sete og ramme

CE – merking som viser at utstyret er godkjent etter europeisk industristandard

Concave – innsida av ei bogeforma flate

Coping – stålrør på toppkanten på ein *ramp* eller *quarterpipe*

Curb/ledge – kant for traverserande trikssing

Flybox – Eit element bestående av boga hopp, plattform og landing i nedoverbakke.

Funbox – kombinasjonen hopp, flate og skråflate til landing

Game of S.K.A.T.E – populær oppvarmingsleik og konkurranseform

Gap – Åpning mellom to rulleflater som er for å hoppe over.

Grind – triks der ein eller begge truckar sklir på ein kant e.l.

Griptape – sklisikkert dekke for godt fotgrep på oppsida av brettet

Goofy – å ha høgrefoten som føretrakt framfot på brettet

In-line – rullskeise der hjula står i linje

Kicker – frittstående hopp i form av skråplan

Manual – fortausstykke for trikssing

Ollie – å gjere eit hopp med brettet berre med bruk av beina.

Pegs/plegs – forlenging av aksling på *scoot* eller BMX til trikssing

Pyramide – Minimum tre skråplan som heng saman i hjørnene og møts i ein plattform.

Quarterpipe – bogeforma halv*ramp* for start eller trikssing

Rail/flatbar – rekkverk for trikssing

Regular – å ha venstrefoten som føretrakt framfot på brettet

Run – ein løpsrunde med triks

Scoot – sparkesyssel for trikssing

Slappy curb – Fortauskant hvor opptrinnet er noe skråvinkla.

Slide – triks der brettet sklir på ein kant e.l.

Stance – Føtenes plassering på brettet.

Switch (stance) – å stå motsett av føretrakt veg, med bakfoten fremst på brettet

Transition – boge for skating

Truck – oppheng som festar hjul med kulelager til brettet

Wall (ride) – Skate element hvor båge eller skråflate går over i loddrett.

World skate – den internasjonale organisasjonen til rullebrettsporten

Vedlegg 2 – Statusrapport

Statusrapport Rapportering og teljing. Dette er eit Excel-dokument som kan brukast ved teljing av anlegg og for å få ei oversikt over kapasiteten, standen og vedlikehaldsbehovet ved eksisterande anlegg i kommunen eller idrettskrinsen. Det er i samsvar med visjonen til Brettforbundet at alle anlegga i ein kommune skal teljast i dette dokumentet. Alle stader, parkar, skolar, burettslag mv. der det er tilrettelagt for skateboarding, skal inn i dette dokumentet for å gje eit komplett bilete av tilbod og behov i kvar kommune.

(PDF Statusrapport_ skateanlegg_A)

(PDF Statusrapport_ skateanlegg_B)

Navn	Anleggskategori	Område/tilknytning	Type idretter på flaten	Type underlag	Anleggsklasse	Banestørrelse	Tilrettelagt for helårsdrift	Kapasitet måltall	Byggeår	Rehabiliteringsår	Flomlys - LUX	WC
Frognerkilen skateanlegg	Skateanlegg	Frognerkilen	Skateboard, inline, Scoot, BMX	Tre, kunstfiber	Nærmiljøanlegg	100m2-500m2		1	2014	2016		
Gamlebyen skateanlegg	Skateanlegg	Gamlebyen aktivitetsanlegg	Skateboard, inline, Scoot, BMX	Betong	Nærmiljøanlegg	1000m2 +		3	2008	2016		
Haugenstua skateanlegg	Skateanlegg	Haugenstua	Skateboard, inline, Scoot, BMX	Asfalt	Nærmiljøanlegg	1000m2 +		3		2017		

Navn	Anleggskategori	Måltall - kvalitetsstandard	Adresse	Post#	Sted	Bydel	Byområde	Dalbydel	Eierforhold	Drifter	Kommentar
Frognerkilen skateanlegg	Skateanlegg	3B ramp	Bygdølokket	0273	Oslo	FROGNER	INDRE BY		Oslo Kommune	BYM	2 stk miniramp
Gamlebyen skateanlegg	Skateanlegg	2	St. Halvards gate 1 B	0192	Oslo	GAMLE OSLO	INDRE BY		Jernbaneverket	Gamlebyen sport og fritid	2 bowls, div streetelementer. Anlegg utvidet ved rehabilitering i 2016
Haugenstua skateanlegg	Skateanlegg	2 street	Haavard Martinsensvei 1	0979	Oslo	STOVNER	ØST		Oslo Kommune	Oslo Ungdommens motorsenter Groruddalen	div streetelementer

Vedlegg 3 – Sjekkliste ferdigsynfaring

Ferdigsynfaring – sjekkliste.

Ferdigsynfaring skjema	Anlegg/Dato:		Til stades:
Kva	Sjekk	kommentar	Ev. tiltak
Overflate glatt			
Overflate jamn			
Plassering <i>coping</i>			
<i>Coping</i> utføring			
<i>Coping</i> lukka			
Beslag			
Utstikkande stål			
Avslutting <i>rails</i>			
Sveisar			
Overgangar til <i>bank</i>			
Riss			
Sprekkar			
Pussa horisontale flater			
Granitt/stål-plassering			
Granitt overflate			
Granitt fas			
Utføring jf. teikning			
Avrenning plattfomer			
Avrenning flater			
Tryggingssone vareteken			
Gelender rett utforma			
Skilt montert			
NS 14974 merknader			
Anna			
Anna			
Anna			

Blir det ført supplerande referat, ja/nei?

Vedlegg 4 – Oslo rådhus-avtalen

Oslo rådhus-avtalen. Avtalen som regulerer tilgangen skatarane har på sjøsida av Oslo rådhus.



Avtale om skating på Rådhusplassen

Denne avtalen er inngått mellom Rådhusforvalter Bjørn Risvik, Oslo Skate Organisasjon (OSO) og en representant for de mest aktive brukerne av plassen:

Etter ønske fra Erling Lae er dette nå en avtale mellom Rådhusforvaltningen og skaterne – ikke en avtale mellom politisk ledelse og skaterne slik det tidligere har vært. Intensjonen med avtalen er at skating på rådhusplassen skal kunne skje på en måte som tilfredsstiller behovene som Rådhusforvaltningen har når det gjelder bruk av inngangen på sjøsiden. For å få i stand denne avtalen vil Rådhusforvaltningen innfri flere krav som skatere har stilt, og avtalepunktene som følger er godkjent av alle parter:

- Rådhusforvaltningen ruster opp hele plassen med nye granittheller
- Rådhusforvaltningen fyller igjen sporene som er frest i rullestolrampen opp på trappa
- Rådhusforvaltningen legger ut fysiske hindringer i åpningstiden i form av matter ned trappen. Dette er vanligvis frem til 15.30 – men denne tiden vil utvides når det er forhåndsstemmegivning eller spesielle arrangementer
- Alle hindringer vil fjernes ved stengetid (Ove Kirkeby tas med i prosessen ved utarbeidelse av hindringer slik at de ikke får en negativ innvirkning for skating etter stengetid)
- Det vil ikke være andre hindringer enn de som gjør at det ikke går an å skate trappa. Plattingen generelt vil være fri for hindre
- Problemer underveis eller ekstraordinære situasjoner tas opp i dialog mellom rådhusforvalteren og OSO representant

Erling Lae vil ta initiativ til en mer generell gjennomgang av tilbudet for skatere i Oslo, etter oppfordring fra OSO.

Bjørn Risvik
Rådhusforvalter

Ove Kirkeby
Skater

William Jobling
Representant OSO

Utgeve av:
Kultur- og likestillingsdepartementet

Bestilling av publikasjoner:
Service- og tryggingorganisasjonen til departementa
www.publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00
Publikasjoner er også tilgjengelige på:
www.regjeringa.no

Publikasjonskode: V-1040 N

Fagtekst: Arild Rossebø og Fritjof Krogvold
Fagillustrasjoner: Jonatan Drab

Design: Melkeveien designkontor AS
Trykk: Service- og tryggingorganisasjonen til departementa
09/2024 – opplag 60

